

Opne hender- tilbake til Gud

litt om serien:

Som kristne er du og eg djupast sett ikkje eigarar, men forvaltarar. Som menneske kan vi ikkje kunsten å leve, berre å ta imot liv. Og med livet som er gjeve oss, er vi Guds disponentar over ei mengd andre gode gåver frå han: tid, talent, relasjonar, materielle ressursar – og pengar. Den kristne haldninga til alt dette er: alt er gjeve meg, det er velsigningar frå Herren, Ja, Gud vil at vi skal ha det godt, men han velsignar oss også for at vi skal dele vidare. Vi er fri til å bruke alt – ikkje berre for mitt eige beste, men for å velsigne andre. Det betyr at alle ting vi disponerer i livet, også pengane, er ein integrert del av våre disippelliv.

litt om temaet:

Tekst: Kva vi brukar pengar på er alltid eit bilete på kva vi verdset og anerkjenner. På alle måtar fungerer forbruket vårt som ein spegel på våre verdiar, haldningar og prioriteringar. Dei to episodane frå dagens bibeltekst, sjølv om dei er ulike, viser akkurat det veldig tydelig.

Ein av dei mest grunnleggande reaksjonane på eit møte med Gud og ein varig relasjon til Jesus, er ønskje og lysten om å gje tilbake. Ikkje som betaling, men meir som ei positiv takknemlighetsgjeld. Så korleis skal vi prioritere mengde og storleik på gjevartenesta vår?

Gud er først og fremst ute etter hjarta våre, ikkje pengane våre. Han vil ha heile deg. Og han har gjeve heile seg så du skulle skjønne at det er trygt å gje han heile deg. Han vil ta imot deg og sørge for deg. Vår livsstil som økonomiske aktørar, inkludert vår gjevarteneste, er såleis ein spegel, eit bilete på mi og di grunnhaldning til Gud. Og Hans grunnhaldning til oss.

For ingenting har vi fått alt, og av vårt eige gjev vi tilbake – til Gud.

lære

Mark 12, 13-17 og 41-43

Kva tenkjer du er «hykleriet» eller fella til farisearane, som Jesus merka (v. 15)? Kva kunne dei tatt han på om han hadde svart ja eller nei, trur du?

På kva måte skil enkja i v. 41-44 seg frå farisearane i v. 13-17 (og v. 38-40, ikkje minst!) når det gjeld koplinga mellom religion og pengar?

vere

Jesus åtværer mot å la gjevartenesta vere mest eit signal til andre om kor from du er. (Matt. 6,1-4)
Kva er det med *det å gje*, som likevel er så viktig for å forme oss som kristne? Og korleis kan vi snakke om det utan å skryte eller mase?

gjere

Det å gje frå seg noko kan få oss til å kjenne oss både som heltar og ofre, og få oss til å skryte eller sutre. Korleis kan vi kome oss rundt vår vår eiga motvilje mot å gje frå oss ressursane og tida som er «vår»? Har de praktiske tips til kva det går an å gjere for at den venstre handa ikkje skal vite kva den høgre har gjeve bort? (Her er det lov å vere konkret utan at det er skryting).

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Salme:
Lovsong:

309 «Lovsyng vår Herre»
«Blessings» (L. Story)
«Uendelig takknemlig» (Filadelfiakirken)



bøn

Takk Gud for at han er den første og siste, begynnelsen og slutten. Be om hjelp til å forstå det vi har fått i eit breiare perspektiv enn her og no.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å forvalte det de har fått og bruke det rett.